

Oppdragsgjevar: Franzefoss Gjenvinning AS
Oppdragsnamn: Franzefoss Gjenvinning-deponi Kvalneset Masseuttak
Oppdragsnummer: 643966-01
Utarbeida av: Anna Hellstrøm
Oppdragsleiar: Astrid Drake
Dato: 26.09.2024
Tilgjenge: Opent

Kvalneset deponi - behov og krav

1. Innleiing
2. Behov for deponi
 - 2.1. Avfallstypar
3. Lovverket
 - 3.1. Plan- og bygningslova - reguleringsplan
 - 3.2. Forureiningslova - løyve til deponi
 - 3.3. Forureiningslova - løyve til masseuttak
 - 3.4. Avfallsforskrifta - avsluttingsplan for deponi

Versjonslogg:

VER.	DATO	BESKRIVING	AV	KS
01	26.09.24	Nytt dokument	AD	AH

1. Innleiing

Ulstein Betongindustri AS har drive masseuttak på Kvalneset i Ulstein kommune sidan 1965. Franzefoss Gjenvinning AS og Ulstein Betongindustri AS ønsker å etablere eit deponi for ordinært avfall i dagbrotet. Dagens reguleringsplan gir berre løyve til å ta inn reine massar. Difor må det lages ny reguleringsplan slik at det også kan bli tatt inn ordinært avfall.

2. Behov for deponi

Møre og Romsdal har i dag tre deponi; eit i Ålesund, eit på Vestnes og eit i Molde. Deponiet i Molde er i ferd med å bli avslutta. Kommunane Ulstein, Hareid, Herøy, Ørsta, Volda, Sande, Vanylven og Stryn har i dag ikkje noko deponi i nærområdet sitt. Eventuelt avfall må difor bli levert til Ålesund eller Vestnes, noko som betyr lang transport inkludert ferjer.

I samband med bygge- og rehabiliteringsprosjekt vil det oppstå avfall som ikkje kan bli brukt om att eller attvunne. Det kan være forureina gravemassar, jord med framande artar eller avfall slik som isolasjon, betong eller anna tungt forureina byggmateriale. Det kan også skje at sediment frå oppryddingar i sjø etter gamal industri er så forureina at det må bli levert til godkjent mottak. I tillegg vil det kunne være aktuelt å ta imot brannavfall.

Nedlagde bensinstasjonar (oljeforureina masse), eldre industriell verksemd (forureina jord/nedgravd avfall), skipsverft (blåsesand, forureining i sjø eller på land) og dersom gamle bygg skal rivast eller rehabiliterast (asbest, nedrotet tegl, forureina betong, isolasjon) er eksempel på kor denne typen avfall oppstår. Deponi for ordinært avfall kan ta imot denne typen avfall.

Det er kjent at denne typen avfall finst i denne delen av Møre og Romsdal. Av omsyn til kostnader og klima vil det vere ein fordel for området å få etablert deponi på Kvalneset. Målet er på sikt å bruke desse massane til å «lukke» såret av dagens dagbrot, slik at det blir tilnærma som før dagbrotet blei opna. Dette er god utnytting av avfall som ressurs og god sirkulærøkonomi. Det er også eit viktig prinsipp at kommunane skal ta hand om eiga forureining lokalt og ikkje sende avfall og massar til andre deler av landet.

Deponi gir ein strukturert måte å handtere avfall på, spesielt avfall som ikkje kan resirkulerast eller brukast om att. For visse typar avfall, til dømes farleg avfall eller material som tar lang tid å bryte ned, er deponi den sikraste måten å lagre avfallet over lang tid.

Moderne deponi er designa for å minimere verknader på miljø. Dei har system for å hindre lekkasjar av skadelege stoff til jord og grunnvatn, og dei har reinseløysingar for sigevatn.

2.1. Avfallstypar

Eit ordinært deponi kan ta imot massar med lite organisk innhald. Typiske avfall vil vere:

- Forureina jord
- Forureina muddermasse
- Blåsesand
- Inerte massar som betong, tegl, leca
- Framande planteartar (eks. lupin, parkslirekne mm)
- Glava/rockwool

Dette er massar som ikkje inneheld organisk materiale og difor ikkje rotnar. Difor vil det ikkje bli danna gass frå desse massane.

3. Lovverket

Det er fleire ulike løyve etter ulike lovverk som er naudsynt for å etablere deponi. Her er ei oversikt over ulike naudsynte løyve og vedtak.

3.1. Plan- og bygningslova - reguleringsplan

Arealdelen til kommuneplanen krev at det føreligg reguleringsplan etter plan- og bygningslova før ein kan få byggeløyve for deponiområde. For eit så omfattande tiltak er det eit krav i forskrift for konsekvensutgreiingar at reguleringsplanen skal ha konsekvensutgreiing. Kommunen er mynde for reguleringsplanar og kommunestyret er forvaltningsorganet som vedtar reguleringsplanar. I løpet av planprosessen vil planforslaget bli sendt på offentleg ettersyn og høyring slik at grunneigarar, naboar, offentlege mynde og andre interessentar får moglegheit å kome med uttalar.

3.2. Forureiningslova - løyve til deponi

I samband med etablering av et deponi, må det søkast om løyve etter forureiningslova. Det vil bli gjort etter at reguleringsplanen er vedteke. Statsforvaltaren er mynde. Krava til ordinært deponi står omtalt i Avfallsforskrifta kap. 9. I tillegg kan Statsforvaltar sette strengare krav.

I forureiningsforskrifta kap. 36-2 og avfallsforskrifta kap. 9-8 beskriv kva søknaden skal innehalde. I tillegg er det rettleiarar som beskriv korleis eit deponi skal byggast opp, drivast og avsluttast.

Søknad etter forureiningslova til Statsforvaltaren skal innehalde informasjon om utslepp til vatn/sjø/grunn/luft og omtale korleis det skal sikrast at aktiviteten ikkje forureinar vatn/sjø/grunn, ikkje støvar eller støyar meir enn dei lovkrava som allereie er fastsett.


Det skal omtalast kva for avfallstyper som er venta tatt inn og korleis dei vil vere i forhold til forureiningspotensiale, korleis botn- og sidetetting skal etablerast, og om geologiske, hydrogeologiske og geotekniske forhold. Vidare skal det bli gjort greie for planar for drift og oppfylling.

Metodar for vasshandtering (sigevatn, overvatn, grunnvatn, overflatevatn), der også reinsing og utslepp til resipient inngår, skal omtalast. Det skal lagast eit måleprogram for utsleppa til vatn, grunn og luft. Resultata frå måleprogrammet skal bli rapportert til Statsforvaltar kvart år saman med mengder og typar avfall.

Søknaden til statsforvaltaren blir sendt på offentleg ettersyn og høyring til alle vesentlege instansar som alle rørte kommunar, Statens Vegvesen, Fiskeridirektoratet, Kystverket, Direktoratet for Mineralforvaltning, Fylkeskommunen og NVE, i tillegg til naboar og andre interessentar. Søkar må svare ut høyringsuttalene og foreslå eventuelle tiltak før statsforvaltar gjer vedtaket sitt.

3.3. Forureiningslova - løyve til masseuttak

Sidan deponiet blir etablert i eit dagbrot, må drivar også halde seg til direktoratet for mineralforvaltning og forureiningsforskrifta kapittel 30 som gjeld forureining frå produksjon av pukk, grus, sand og singel. Ulstein Betongindustri AS har allereie løyve og driftskonsesjon frå direktoratet for mineralforvalting. Det blir lagt til grunn at løyvet og driftskonsesjonen frå direktoratet blir brukt vidare i drifta på staden.



Figur 1 viser Ulstein Knuseverk i direktoratet for mineralforvalting sin kartbase.

Direktoratet for mineralforvaltning krev at det blir laga avslutningsplan for masseuttaket. Der er sikring og revegetering viktige parameterar. Direktoratet stiller også krav om at bedrifa må ha sett av midlar i forkant til avslutting av masseuttaket.

3.4. Avfallsforskrifta – avslutningsplan for deponi

Før avslutting av deponiet skal det i tråd med avfallsforskrifta bli laget ein avslutningsplan. Statsforvaltaren skal godkjenne avslutningsplanen for deponiet.

Avfallsforskrifta krev også at det blir stilt finansiell sikkerheit som dekker kostnadene til avslutting og etterdrift av deponiet. Etterdrifta skal sikrast for ein periode på minst 30 år.